


2009

Årsmelding og rekneskap



Folkekulturforbundet



Innhald

Tilbakeblikk	5
Kapitel 2: Organisasjon	8
Medlemmar	8
Årsmøtet 2009	9
Fylkesledda	9
Kapitel 3, Studieaktiviteten i medlemsorganisasjonane	10
Tilskot	10
Tilskot til medlemsorganisasjonane	10
Studietimar, statistikk.....	10
Studietimar delt på organisasjon.....	10
Fylkesstatistikk.....	11
Emnestatistikk.....	12
Særlege målgrupper	12
Vidareutdanningskurs	13
Kapitel 4, FOLK sine egne tilbod	14
Vevopplæringa.....	14
Bunadopplæringa	14
Norsk folkelig dans	14
Kurslæropplæring	14
Kurs i fengsel	14
Innføring i norsk folkedans.....	14
Kapitel 5, Utviklingsarbeid/prosjekt	15
Handverksopplæring som lågterskeltilbod (finansiert av VOX 2009/2010)	15
Pedagogikk på dansegolv (finansiert av VOX 2009/2010).....	15
E-læring (finansiert som Leonardo-prosjekt).....	15
Forarbeid til vevopplæringa	15
Kapitel 6: Drift og administrasjon	16
Kontoret	16
Informasjon.....	16
Medarbeidarsamlingar	16
Nettside.....	16
Stipend for kurslærarar	17
Reisestipend frå VOFO.....	17
Kontrollverksemd	18
Rekneskap	19
Balanse.....	19
Resultatrekneskap	20
Noter.....	21
Revisjonsmelding.....	22

FOLK

folkekulturforbundet



Foto Bragdøya Kystlag



Tilbakeblikk

Vi startar denne årsmeldinga med eit tilbakeblikk i grove trekk, på arbeidet i året som gjekk. Dei siste åra har veldig mykje av studieforbundet sine ressursar vore brukt mot Tron-utvalet og arbeidet mot den nye lova som trådte i kraft 01.01.2010. Utviklingsarbeidet har lidd mest under denne prioriteringa. Det har vore ein heilt naudsynt prioritering, men nå er tida komen for å ta tak i utviklingsarbeidet igjen.

I 2009 fekk vi ny lov om vaksenopplæring og nye forskrifter. I lova si paragraf fire fekk studieforbunda nye overordna mål for verksemda. Frå 2010 er vi også pliktige til å rapportera etter desse måla. FOLK sin strategiske plan er ikkje laga med desse måla som mal, og avvik dermed noko. Vi har likevel vald å bruke desse måla som rettesnor for årsmeldinga:

- ***Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.***

Også i 2009 vart store delar av FOLK si verksemd brukt til arbeidet for at medlemsorganisasjonane skal få rammevilkår til å arbeide med opplæring og demokrati i eigen organisasjon. Dette skjer gjennom:

- Vidareføring av kompetansehevingstilskotet . Organisasjonane må ha minst 1 % av den totale aktiviteten for å få sin del av tilskotet.
- Ha ei aktiv nettside som gjør det mogleg for alle som er med i organisasjonane å skaffe seg kunnskap om korleis ein kan arrangere kurs og søke stønad.
- Ha eit ope og tilgjengeleg kontor så alle som vil, kan få kontakt og informasjon om moglegheitene.
- Delta på medarbeidarsamlingar og andre møtearenaer hos medlemsorganisasjonane for å styrke arbeidet med kurs og opplæring.
- Delta i VOFO sitt arbeid både nasjonalt og regionalt slik at medlemsorganisasjonane på alle nivå kan ta del i eit nettverk for påverknad av eigne rammevilkår.



Foto Norsk Kulturarv

Det er for det aller meste lokallaga i FOLK sine medlemsorganisasjonar som driv kurs- og opplæringsverksemd. Den aktiviteten som dette arbeidet fremmer, er både ei styrke for lokalsamfunnet, ei styrke for faga og ei styrke for den enkelte tillitsvalde som gjennom dette arbeidet får erfaring med å drive frivillige organisasjonar.

Gjennom medarbeidaropplæring (side 14) og kurslæropplæring (side 12) er FOLK med på å utvikle lokallaga og medlemmene deira til dyktige organisasjonsmenneske. Tendensen er at talet på organisasjonskurs har gått tilbake dei seinaste åra. Det er ei utvikling vi ikkje ønskjer. Organisasjonskurs er eit viktig middel for å oppretthalde demokratiet i organisasjonane og lære opp nye medarbeidarar.

- ***Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.***

Kursverksemda i FOLK skal ha ein svært låg terskel. Det er "naboen" som er studieleiar eller kursleiar eller deltakar på kurset. Det gjør det enkelt for menneske å melde seg på kurs som kan endre deira livssituasjon, både fordi dei lærer noko som kan kome til nytte i arbeid eller fritid og fordi dei tek del i noko som er viktig for dei og lokalsamfunnet. At det er ein låg pris for å vere deltakar er eit svært viktig moment for at det skal vere lett å ta del. Gjennom å oppretthalde eit høgt timetilskot til dei kursa som er dyrast (med lærar) legg FOLK til rette for at dette kan halde fram.

- ***Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.***

FOLK har heile tida merksemda retta mot å halde kursa opne for alle, også dei som treng litt ekstra for å kunne vere deltakar. Gjennom medarbeidaropplæring og anna informasjon blir kursarrangørane



medvetne om moglegheita for å bruke "særlege målgruppe- midlar" for å lettare kunne tilby denne gruppa kurs. Kursa i fengsel (side 14) og prosjektet Handverksopplæring som lågterskeltilbod (side 15) er andre eksempel på arbeidet for inkludering. Det er ikkje mange utanlandske namn på kursrapportane frå våre kursarrangørar. Vi har framleis ei utfordring med å gjøre kursa tilgjengelege for menneske med annan kulturell bakgrunn. Derimot er vi sikre på at våre kurs er lett tilgjengelige for etnisk norske som bruker kursa også som eit middel til å kome seg ut blant folk.

- ***Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.***

Prosjektet "pedagogikk på dansegolvet" (side 15) er med på å vidareutvikle metodane for opplæring i dans. Utviklinga av tilbod om E-læring (side 15) vil gje kursdeltakarar og kursarrangørar enda eit reiskap for å lære.

- ***Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.***

FOLK har stor merksemd knytt til kurslærarutvikling. Det vart også i 2009 arrangert kurslærarkurs (side 14) og delt ut stipend til kurslærarar (side 17) som vil lære meir om faget sitt. I all medarbeidaropplæring er merksemda mot utvikling av nye og noverande kurslærarar stor.

Timetilskotet til opplæring i FOLK sine medlemsorganisasjonar er eit viktig bidrag til å oppretthalde den kulturverksemda organisasjonane driv.

FOLK sine kurs har eit stabilt høgt deltakartal. Det ligg no på eit gjennomsnitt på om lag ni og har auka frå om lag åtte. Saman med medlemsorganisasjonane har FOLK eit breitt tilbod av kurs. FOLK er også opne for å involvera nye organisasjonar og nye typar kursverksemd for dermed å skape eit enda breiare mangfald av opplæringsaktivitet.

FOLK har merkemda retta mot å følgje opp UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv og ønskjer å arbeide for å spreie kunnskap og respekt for feltet.

- *Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.*
-

Bunadopplæringa og vevopplæringa (side 14) dekker ein etterspurnad etter opplæring mot fagbrev i desse to handverksfaga.

FOLK har fleire kurs på høgare nivå med eller utan studiepoeng, og har merkemda retta mot å utvikle fleire tilbod som kan komplettere kurssortimentet innafor våre fag. Høgskuleemna Norsk folkelig dans og Grunnkurs i norsk folkedans er døme på slike tilbod innafor folkedansemnet.

FOLK er heile tida opne for å utvikle nye kurs og opplæringstiltak. På slutten av 2009 starta arbeidet med å utvikle kurset som har førebels tittel: "Ting og meining – om gjenstandar med historisk meining."



Foto Bragdøya Kystlag

Kapitel 2: Organisasjon

Medlemmar

I Folkekulturforbundet er det 13 organisasjonar som har fullt medlemskap med rettar og plikter. Det er også 13 organisasjonar med samarbeidsavtale som gir dei rett til vaksenopplæringstønad.

Medlemsorganisasjonar

DIS-Norge
Forbundet Kysten (FK)
Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
Kringkastingsringen
Landslaget for lokalhistorie (LLH)
Noregs Mållag (NM)
Noregs Ungdomslag (NU)
Norges Husflidslag (NH)
Norsk Amatørteaterforbund (NATF)
Norsk Kulturarv (NK)
Norsk Målungdom (NM)
Norsk Quilteforbund (NQF)
Vestlandske Teatersenter (VT)

Organisasjonar med samarbeidsavtale

Norsk forening for kulturhistorisk
sverdfekting (NFKS)
Båtlaget Braute
Fortidsminneforeningen
Landslaget for lokalhistorie i skolen (LLS)
Landslaget for nærmiljøskolen (LUFS)
Norges Museumsforbund
Norsk forening for fartøyvern (NFF)
Norsk selskap for fotografi (NSFF)
Organisasjon for scenekjempere i Norge
(OfScen)
Rosegården Teaterhus
Vestnorsk kulturakademi (VKA)
Seniordans Norge (SN)
Samenes Folkeforbund (SFF)

Styret

Styret 01.01.2009 – 25.05.2009

Marit Jacobsen (NU)	leiar
Tore Friis-Olsen (FK)	nestleiar
Grete Seppola (NH)	styremedlem
Solveig Torgersen Grinder (NH)	styremedlem
Helen Hansen (NATF)	styremedlem
Johanne Kjeldsberg (HATS)	1. varamedlem
Hallvard Julseth (NU)	2. varamedlem
Knut Bryn (DIS-Norge)	3. varamedlem

Styret 26.05.2009 – 31.12.2009

Marit Jacobsen (NH)	leiar
Tore Friis-Olsen (FK)	nestleiar
Solveig Torgersen Grinder	styremedlem
Eli Ulvestad (NU)	styremedlem
Helen Hansen (NATF)	styremedlem
Johanne Kjeldsberg (HATS)	1. varamedlem
Arne Olav Kleiven (NK)	2. varamedlem
Knut Bryn (DIS Norge)	3. varamedlem

Arne Olav Kleiven sitt tilsettingsforhold i Norsk Kulturarv opphørte hausten 2009, og han gikk da også ut av styret i FOLK. Knut Bryn rykte opp som 2. varamedlem.

Årsmøtet 2009

Årsmøtet for 2009 var 25.mai 2009 på Felix kurs og konferansesenter i Oslo. Egil Bakka frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans heldt foredrag med tittelen: "Betydningen og sammenhengen mellom UNESCO sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv og lokal aktivitet."

Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2008
3. Rekneskap 2008
4. Strategi og verksemdsplan 2009-2011, tiltak 2010
5. Budsjett 2010
6. Uformell diskusjon om namneending
7. Val

Fylkesledda

Fylke	Kontaktperson FOLK	Fylkestilskot 2008	Fylkestilskot 2009
Østfold	Kari Filberg Østfold Husflidslag	14.411	23.944
Akershus	Liv Lønskog, Akershus Fylkeshusflidslag	36.846	38.846
Oslo	Trine Kahrs Oslo Fylkeshusflidslag	0	0
Hedmark	Inger Marie Kjexrud Hedmark Husflidslag	66.391	46.956
Oppland	Kjærsti Gangsø, FOLK	0	0
Buskerud	Per Anders Hammer Buskerud Husflidslag	29.000	49.050
Vestfold	Eirin Marthinsen Ungdomslaga i Vestfold	0	0
Telemark	Knut Olsen Telemark Ungdomslag	12.000	13.000
Aust-Agder	Else Gyro Rysstad Aust-Agder Husflidslag	55.000	59.000
Vest-Agder	Kari Mysen Vest-Agder Ungdomslag	38.412	0
Rogaland	Anne Liv Tønnesen Rogaland Husflidslag	47.400	47.000
Hordaland	Torild Finsrud Velure Hordaland Husflidslag	31.155	24.440
Sogn-og Fjordane	Arve Jarle Hornes Sogn- og Fjordane Ungdomslag	3.765	0
Møre og Romsdal	Harald Ormbostad Nordmøre Ungdomslag	123.388	123.388
Sør-Trøndelag	Ragnhild Dahl Sør-Trøndelag Husflidslag	0	0
Nord-Trøndelag	Bente Engebretsen Nord-Trøndelag Husflidslag	42.000	0
Nordland	Anne Britt S. Nygård Nordland Husflidslag	221.271	152.452
Troms	Torgunn Andreassen Troms Fylkeshusflidslag	65.412	81.594
Finnmark	Kari Skadsem, Finnmark Fylkeshusflidslag	31.300	43.826
		817.751	707.496

Kapitel 3, Studieaktiviteten i medlemsorganisasjonane

Tilskot

FOLK forvaltar pengar som kunnskapsdepartementet fordeler til studieforbunda ut frå ein pott som vert fastsett i statsbudsjettet. FOLK deler pengane vidare ut til lokallag av medlemsorganisasjonane som driv kursverksemd. Det totale tilskotet frå departementet har dei tre siste åra våre slik:

2007	2008	2009
9.165.489	9.247.820	9.666.099

Tilskot til medlemsorganisasjonane

Medlemsorganisasjonane (ikkje organisasjonar med samarbeidsavtale) får eit direkte tilskot frå FOLK. Gjennomsnittleg studietimetal dei tre siste åra avgjer kor stor del av tilskotet kvar organisasjon får. Dei medlemsorganisasjonane som har mindre kursverksemd enn 1% av den totale kursverksemda i FOLK får ikkje dette tilskotet. Ramma for tilskotet blir bestemt av årsmøtet i budsjettet for FOLK.

Tilskotet fordelte seg slik:

	2007	2008	2009
Norges Husflidslag	406.000	403.500	446.875
Noregs Ungdomslag	176.000	177.500	201.250
Hålogaland amatørteaterselskap	87.000	85.000	60.375
Forbundet KYSTEN	21.000	22.500	24.150
Norsk Amatørteaterforbund	39.000	40.500	52.325
Norsk Kulturarv	11.000	11.000	12.075
Norsk Quilteforbund			8.050
Sum	740.000	740.000	805.100

Studietimar, statistikk

I dette kapitlet er det talmateriale som syner kursverksemda til studieforbundet i 2009. Tabellane syner tala fordelt på medlemsorganisasjonar, fylke og kursemne. Det er også tabellar som syner kursverksemda for særlege målgrupper og den høgare utdanninga.

Studietimar delt på organisasjon

	2007	2008	2009
Båtlaget Braute	347	288	130
DIS-Norge	63	132	66
Forbundet KYSTEN	2.429	2.392	2.274
Fortidsminneforeningen		31	42
Folkekulturforbundet	742	674	917
Hålogaland Amatørteaterselskap	6.059	5.780	3.785
Landslaget for lokalhistorie	53	170	0
Landslaget for lokalhistorie i skolen	0	0	0
Norsk Amatørteaterforbund	5.463	6.491	7.351
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	58	156	120

Norges Husflidslag	46.256	46.521	49.616
Norsk Kulturarv	1.109	952	874
Noregs Mållag	444	25	0
Norges museumsforbund	332	278	60
Norsk Målungdom	24	47	52
Norges quilteforbund	671	567	618
Norsk Selskap for Fotografi	359	419	382
Noregs Ungdomslag	21.520	20.019	19.653
Organisasjon for Scenekjempere i Norge	0	0	0
Rosegården Teatersenter	130	200	28
Samenes Folkeforbund		209	60
Seniordans Norge		6.119	16.162
Vestnorsk Kulturakademi	967	879	188
Vestlandske teatersenter	267	383	35
Sum	87.391	92.732	104.873

For FOLK totalt er det ei stor auke i studietimetall. Seniordans Norge står for den største auken, men Norges Husflidslag har også ein stor auke. Norges Amatørteaterforbund held fram med auken frå dei siste åra, mens Hålogaland Amatørteaterforbund dessverre går tilbake enda eit år. Det same gjeld Noregs Ungdomslag, men her er ikkje tilbakegangen så stor. For dei små organisasjonane er det berre små endringar.

Fylkesstatistikk


<i>Fylke</i>	<i>Timar 2007</i>	<i>Timar 2008</i>	<i>Timar 2009</i>	<i>Kurs 2009</i>	<i>Deltakarar 2009</i>
Østfold	3.060	2.972	3.908	140	1.260
Akershus	11.645	13.462	15.084	541	4.048
Oslo	3.430	3.450	2.654	118	1.388
Hedmark	4.420	5.107	6.722	238	2.072
Oppland	5.298	6.825	7.556	265	3.346
Buskerud	2.724	3.242	2.812	114	935
Vestfold	4.213	4.419	4.242	150	1.243
Telemark	1.810	1.871	3.916	104	955
Aust-Agder	2.988	3.063	2.554	83	759
Vest-Agder	3.250	2.960	2.936	111	1.285
Rogaland	4.704	4.864	6.197	239	2.001
Hordaland	6.995	8.124	11.025	321	3.385
Sogn og Fjordane	2.265	2.380	2.540	105	994
Møre og Romsdal	4.450	5.111	4.703	144	1.692
Sør-Trøndelag	4.352	4.647	7.460	204	1.859
Nord-Trøndelag	3.028	3.678	4.016	129	1.175
Nordland	8.900	7.166	8.128	246	2.117
Troms	9.066	8.952	7.629	275	2.425
Finmark	793	439	791	26	303
SUM	87.391	92.732	104.873	3.553	33.242

Nesten alle fylka har hatt framgang i studietimetall. Hordaland og Rogaland er dei fylka som har auka mest. Oslo og Troms har hatt mest tilbakegang.

Emnestatistikk

2009						
Emne	Kurs		Deltakarar		Timar	
Tekstil	1.356	38%	9.524	29%	36.039	34%
Folkedans	811	23%	12.429	37%	23.228	22%
Teater	456	13%	4.037	12%	22.096	21%
Tre	280	8%	2.012	6%	8.231	8%
Teikning/måling	107	3%	806	2,4%	2.482	2,4%
Husstell	75	2%	532	1,6%	1.120	1%
Organisasjon	41	1,1%	550	1,6%	719	0,7%

Emne	Timar 2007		Timar 2008		Timar 2009	
Tekstil	35.069	40 %	33.738	40 %	36.039	34%
Folkedans	8.018	9 %	8.241	10 %	23.228	22%
Teater	20.458	23,4 %	19.231	23 %	22.096	21%
Tre	8.751	10 %	9.224	11 %	8.231	8%
Teikning/måling	2214	2,5 %	2.608	3 %	2.482	2,4%
Husstell	1508	1,7 %	1.318	1,6 %	1.120	1%
Organisasjon	346	0,4 %	344	0,4 %	719	0,7%



Vi kan sjå at emnestatistikken no endrar seg etter å ha vore nesten uendra i mange år. Seniordans Norge har kome inn med mange timar med dans og aukar delen Folkedans. Samstundes ser vi at tekstil aukar i tal timar, eit resultat av auka kursaktivitet i Norges Husflidslag.

Vi ser og ein gledeleg oppgang i timar med organisasjonskurs sjølv om tala framleis er svært lave.

Særlege målgrupper

	§24 tilskot	Kurs	Deltakarar	Timar
Delt etter organisasjon				
Folkekulturforbundet	165.076 -		23	198
Norges Husflidslag	112.346 -		26	182
Noregs Ungdomslag	48.150 -		8	116

Delt etter fylke

Østfold	43.095 -	8	58	129
Akershus	27.295 -	4	22	80
Oslo	10.000 -	2	13	80
Oppland	39.012 -	11	127	264
Telemark	5.050 -	1	6	18
Vest-Agder	13.575 -	2	35	30
Rogaland	37.075 -	7	89	229
Sør-Trøndeleag	5.000 -	1	16	15
Nord-Trøndelag	134.019 -	18	121	285
Troms	11.451 -	3	19	36
Sum	325.572 -	57	496	1.166

Auken i kurs for "særlege målgrupper" held fram også i 2009 frå 54 til 57 kurs. Deltakartalet går også opp frå 405 til 496, mens timetalet går ned frå 1264 til 1166. Framleis er ein stor del av desse kursa fengselskurs, men i Oppland er det prosjektet "Handverksopplæring som lågterskeltilbod" som har ført til auken i kurs.

Vidareutdanningskurs

FOLK har nokre vidareutdanningskurs godkjent av eit universitet eller ein høgskule. Kursa arrangerast i samarbeid med medlemsorganisasjonane. Kursa som blir godkjend av universitet eller høgskule gjev formell kompetanse i form av studiepoeng. Om FOLK eller medlemsorganisasjonane gjennomfører kurs på eiga hand gir kursa ikkje formell kompetanse.

I 2009 arrangerte FOLK eller medlemsorganisasjonane desse vidareutdanningskursane:

- Norsk folkelig dans, i samarbeid med Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Seksjon for fjernundervisning, etter og videreutdanning (NTNU-videre) 15 studiepoeng (side 14.)
- Innføring i norsk folkedans, i samarbeid med Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet, Seksjon for fjernundervisning, etter og videreutdanning (NTNU-videre) 15 studiepoeng (side 14)
- HATS har saman med Høgskolen i Tromsø gjennomført fire kurs på høgare nivå med skodespelteknikk og teaterproduksjon som emne. Kursa gir ikkje studiepoeng.
- Vestnorsk kulturakademi hadde saman med Universitetet i Bergen kurs i byggeskikk og bygnadsvern.15 studiepoeng.



Kapitel 4, FOLK sine egne tilbud

Vevopplæringa

Hausten 2009 starta Vevopplæringa etter same modulbaserte modell som Bunadopplæringa. Vevopplæringa arrangerast av FOLK i samarbeid med Norges Husflidslag. Interesse for kursrekkeja var så stor at det blei starta tre parallelle modular, to på Holmen Gård og ein på Solhaugen vidaregåande skule i Narvik. 28 deltakarar var med på den første modulen som blei arrangert hausten 2009.

Bunadopplæringa



Den første rekkeja i Bunadopplæringa har ein modul igjen før den er gjennomført. Det har vore god søknad også til den nye kursrekkeja. Bunadopplæringa arrangerast av Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Bunad- og folkedraktrådet, og FOLK. Meir enn 50 deltakarar har vore innom minst ein modul av bunadopplæringa og nærare 20 har gjennomført åtte eller ni av dei ni modulane. Fire av deltakarane har tatt sveinebrev.

I 2009 starta ny modulrekkeja av Bunadopplæringa. 14 deltakarar var med på den første modulen i den nye kursrekkeja.

Norsk folkelig dans

FOLK tilbyr emnet Norsk folkelig dans i samarbeid med NTNU-videre og Rff-senteret (Rådet for folkemusikk og folkedans). Undervisninga er delt mellom eigenstudiar og samlingar i Vågå og i Trondheim. Sju kull har til no gått gjennom emnet. Til saman har rundt 80 studentar delteke i kurset. NU administrerer kurset. Emnet gir 15 studiepoeng.

Kurslæropplæring

FOLK prioriterer arbeidet med å rekruttere kurslærarar og har utvikla eit kursopplegg for nye og etablerte kurslærarar. I 2009 arrangerte FOLK kurslærarkurs med 19 deltakarar. Kurset var på Holmen Gård. Kurset hadde 18 deltakarar.

Kurs i fengsel

Arbeidet med kurs i fengsel i samarbeid med lokale kursarrangørar held fram. I 2009 heldt aktiviteten seg på same nivå som ved inngangen til året. FOLK fekk også i 2009 stønad frå Justisdepartementet til dette arbeidet.

Fengsel	Arrangør	Kurs i 2009
Verdal fengsel	FOLK Verdal	18
Ullersmo fengsel	Ullensaker Husflidslag	2
Ravneberget Kvinnefengsel	Sarpsborg Husflidslag	7
Sum		27

Innføring i norsk folkedans

er også eit samarbeid mellom FOLK, NTNU-videre og Rff-senteret. Sistnemnte administrerer kurset. Undervisninga er delt mellom eigenstudiar og to samlingar i Trondheim. Det er niande året dette kurset blir gjennomført. Emnet gir 15 studiepoeng.

Kapitel 5, Utviklingsarbeid/prosjekt

Handverksopplæring som lågterskeltilbod (finansiert av VOX 2009/2010)

Prosjektet som starta i 2008 med Oppland husflidslag som samarbeidspart har som føremål å bruke husflidskurs som ein lågterskel møteplass for folk med lettare psykiske helseproblem. Husflidskonsulenten i Oppland blei engasjert til å drive fram kurs i fylket.

Fram til årsskiftet blei det arrangert sju kurs med ein eller fleire frå målgruppa som deltakarar. Kurser spenner frå kurs utan lærar på handarbeidskafe for fleirkulturelle, til lange kurs i skinnfelltrykk med ein deltakar frå målgruppa.

Prosjektet blei også utvida til å gjelde Østfold fylke med husflidskonsulenten der som pådrivar. Det blei ikkje arrangert kurs i Østfold i 2009.

Prosjektet blir avslutta i 2010.

Pedagogikk på dansegolvet (finansiert av VOX 2009/2010)

Prosjektet er ei vidareføring frå 2008. Første året samla ei gruppe dansepedagogar som observerte ulike pedagogisk danse-aktivitet. Det blei avdekkja ulike problemstillingar som ein ønskte å løfte vidare, og



engasjerte forskar Margunn Bjørnholt til å gjere ei intervjubasert undersøking. Ho har intervjuet eit utval aktive dansepedagogar om deira arbeid, syn på tradisjon og dans, og korleis det kommer til uttrykk i undervisninga. Undersøkinga skal resultere i ei rapport som ligg føre våren 2010. Førebels resultat syner at det finst eit større mangfald i tilnærming og pedagogisk verksemd enn det ein tidlegare har klart å beskrive. Resultatet vil ha overføringsverdi også til anna undervisning med førebilete i tradisjonsmateriale.

Mette Vårdal er faglig ansvarlig for prosjektet. Prosjektet drives i samarbeid med Rff-senteret og NU.

E-læring (finansiert som Leonardo-prosjekt)

Studieforbundet og Norges Husflidslag har vore med i internasjonale prosjekt for å gjøve handverksopplæring tilgjengeleg på internett. Norges Husflidslag avslutta i 2009 eit prosjekt der testpersonar gjennomførte kurs i handveving og strikking. Styret i FOLK bestemte hausten 2009 at kursa skulle halde fram i studieforbundet si regi, for at FOLK på den måten skal få erfaring med nettbasert opplæring.

Forarbeid til vevopplæringa

Etter modell av Bunadopplæringa kom det i gang samarbeid mellom NH og FOLK for å starte eit tilsvarande opplegg for handveving. Etter sterkt ønskje om å starte ei modulrekke i nord, vart det etablert eit samarbeid med Narvik videregående skole og fagskole. Dei har tidlegare tilbydd opplæring i vevfaget. Utviklinga bygde på erfaringane frå Bunadopplæringa og innspel frå Narvik videregående skole, som har erfaring frå tilpassa undervisning for vaksne. Samarbeidsmodellen vil bli evaluert i 2010/2011.

Kapitel 6: Drift og administrasjon

Kontoret

Kontoret har adresse Vågå Næringshage, 2680 Vågå



I 2009 var desse tilsett i FOLK:

Kjærsti Gangsø, dagleg leiar 100%

Mette Vårdal, konsulent 100% (permisjon frå oktober)

Tone Heskestad, kontor 74%

Linda Aaboen, konsulent 80%

Björg Schultz, konsulent 30%

Sum årsverk 3,8

FOLK har ansvar for handsaming av søknader og utbetaling av tilskot for opplæringsverksemd i medlemsorganisasjonane. Opplæring og informasjon til kursarrangørane i medlemsorganisasjonane om

kursverksemd og tilskotsreglar, er også ein viktig del av arbeidet til administrasjonen.

Gjennom Vofo har FOLK avtale med Kopinor som sikrar kursarrangørane rett til å kopiera skriftleg materiale til bruk i kursa. Ei forsikringsavtale sikrar kurslærarane økonomisk om dei skulle skade seg medan dei driv kurs som blir arrangert av FOLK sine medlemsorganisasjonar.

FOLK har også vore involverte i fleire utviklingsprosjekt. Lobbyverksemd mot politikarar og byråkratar for å få betre rammevilkår for kursverksemda er også eit nødvendig arbeidsfelt. FOLK har arrangøransvar for ulike kurstilbod.

Informasjon

Medarbeidarsamlingar

FOLK har som mål å vere til stades på arrangement i medlemsorganisasjonane og fylkesledd så langt som mogleg. I 2009 var FOLK til stades på 23 møter med ledd i organisasjonen. Om FOLK ikkje har høve til å vere til stades eller arrangøren ønskjer det bidreg FOLK med materiell om vaksenopplæring til arrangementet. Dette kan vere ljusbildepresentasjonar, brosjyrar med meir.

Nettside

Nettstaden til FOLK blir meir og meir viktig i informasjonsarbeidet mot kursarrangørane. FOLK arbeider heile tida med utvikling av nettstaden både med å forbetra informasjonsdelen og for å gjøre den til eit arbeidsreiskap for søknad om kursstønad og forenkle arbeidet til kursarrangørar.

På slutten av 2009 starta FOLK med fast utsending av nyheitsbrev på epost til medlemsorganisasjonar og fylkesledd.

Stipend for kurslærarar

Stipendordninga for kurslærarar heldt fram i 2009. Stipendet blir delt ut til kurslærarar/instruktørar som vil lære meir om faget sitt. Desse fekk stipend i 2009:

- Solveig Orstad Teigen NH, for å vere med på internasjonalt vevsymposium i Finland
- Sidsel Skjelfjord NH, for å vere med på Nordisk strikkesymposium i Japan
- Vigdis Hovind, for opplæring for vaksne som arbeider med born.
- Petra-Mari Linaker for å vere med på Nordisk Draktseminar
- Katrine H Bringsdal NH, for å vere med på Nordisk Draktseminar
- Inger Haugan NH, for kurs i rosemalingsteknikkar
- Marta Kløve Juul NH, for å vere med på internasjonalt vevsymposium i Finland
- Marianne Dahl NU, for å vere med på Norlek i Finland
- Marny Tønnesen KYSTEN, for kurslærarkurs
- Hill-Aina Steffenbach NU, for å studera perle-teknikkar I folkedrakter på Grønland
- Guri Aune NH, for Bunadopplæringa
- Borghild M Opdal NU, for utveksling av dansar og metodar med folkedansarar i Litauen
- Gro Vetås NU, for utveksling av dansar og metodar med folkedansarar i Litauen
- Kristin S. Mills NU, for utveksling av dansar og metodar med folkedansarar i Litauen
- Grete Seppola NH, for reise til Arkhangelsk for møte mellom norske og russiske handverkarar
- Bjørg Hernæs SN, for instruktørkurs Senior-dans
- Inger Moen for SN, for instruktørkurs Senior-dans
- Silja Solvang NU, for utveksling av dansar og metodar med folkedansarar i Litauen
- Marie Øiberg SN, for instruktørkurs Senior-dans



Foto Eilif Olden

Reisestipend frå VOFO

Desse fekk reisestipend frå Vofo i 2009.

- Synnøve Jørgensen, Noregs Ungdomslag for å studere finsk undervisningsopplegg i folkedans i skulen.
- Sidsel Skjelfjord, Norges Husflidslag, husflidskonsulent i Sør-Trøndelag for studietur til Japan for å auke kunnskapen sin i strikkefaget
- Marthe Bolette Glosli, landsstyrrerepresentant i Forbundet KYSTEN, for studietur til Island for å få meir kunnskap om islandsk fyr og kystkultur.
- Brita Rusten Åmot, Norges Husflidslag, husflidskonsulent i Oppland for studietur til Toscana for å lære meir om handverkstradisjonar i området.
- Endre Kleiveland, folkedansrådsleiar i Noregs Ungdomslag, for å studere finsk undervisningsopplegg i folkedans i skulen.

Kontrollverksemd

FOLK forvaltar eit statstilskot på vegne av medlemsorganisasjonane. FOLK har plikt til å sjå til at tilskotet blir brukt på ein måte som er i tråd med føremålet og etter reglane i Lov om vaksenopplæring. Kunnskapsdepartementet sin revisjonsinstruks set krav om korleis kontrollen skal utførast. Det blir jamleg gjennomført stikkprøvekontrollar for å sjå til at alt går rett for seg. I 2009 blei 31 lag kontrollert. All kursverksemd er funne i orden og innafor regelverket.

DIS Norge

DIS Haugaland

Forbundet KYSTEN

Bragdøya Kystlag

Sveio Kystlag

Innherred Kystlag

Noregs Ungdomslag

Birkenes UL

Folkedanslaget Sølja

Gol UL

Rogaland UL

Røstkvervet UL

Symra

Telegaget, Oslo

UL Fram, Rogne

Norges Husflidslag

Asker husflidslag

Beitstad Husflidslag

Byneset Husflidslag

Eidskog Husflidslag

Holmestrand Husflidslag

Inderøy Husflidslag

Kjerringa Husflidslag

Luster Husflidslag

Nauma Husflidslag

Nesodden Husflidslag

Nordre Ringsaker Husflidslag

Ski Husflidslag

Sola Husflidslag

Ås Husflidslag

Norsk Quilteforbund

Bergen Quiltelag

Tåsen Quiltelag

Seniordans Norge

Halla glading

Løten Seniordans

Sparbu Seniordans

Rekneskap

Balanse

Balanse 2009 Folkekulturforbundet


	Note	2.009	2008
Eigdejar			
ANLEGGSMIDDEL			
Inventar		36.400	85.500
Sum anleggsmiddel		36.400	85.500
OMLØPSMIDDEL			
Likvidar	4	4.507.684	4.641.597
Kundefordringer/ forskot		1.318	730.000
Sum omløpsmiddel		4.545.402	5.371.597
SUM EIGEDELAR		4.545.402	5.457.097
GJELD OG EIGENKAPITAL			
EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital		1.147.011	1.384.866
Årets resultat		-502.294	-242.974
Sum annan eigenkapital		644.717	1.141.892
Eigenkapital med sjalvpålagt restriksjon	5	85.000	320.865
SUM EIGENKAPITAL		729.717	1.462.757
KORTSIKTIG GJELD			
Levrandergjeld/ tilskot studieaktivitet	6	3.420.599	3.312.825
Offentlege trekk og avgifter		153.205	167.775
Anna kortsiktig gjeld		38.381	257.910
Overførde prosjektmiddel		203.500	255.830
SUM KORTSIKTIG GJELD		3.815.685	3.994.340
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4.545.402	5.457.097


Kjersti Gargso
Dagleg leiar


Helen Hansen
Styremedlem


Marit Jacobsen
Styreleiar


Solveig Torgersen Grinder
Styremedlem


Tore Friis-Olsen
Nestleiar


Eli Ulvestad
Styremedlem

Resultatrekneskap

Resultatrekneskap 2009

Folkekulturforbundet

	Note	2009	2008	Budsjett 2009
DRIFTSINNEKTER				
Tilskot til studiearbeid, Kunnskapsdepartementet		9.660.099	9.247.820	9.660.099
Tilskot til studiearbeid særlege målgrupper, Kunnskapsdepartementet		153.012	162.011	153.012
Tilskot til pedagogisk utviklingsarbeid, VOX	1	245.000	132.500	-
Andre inntekter	2	872.609	1.489.478	835.000
SUM DRIFTSINNEKTER		10.930.720	11.031.809	10.648.111
DRIFTSKOSTNADER				
Løn, honorar		1.966.354	2.325.990	2.092.900
Andre driftskostnader		724.981	688.981	605.500
Reise/ møtekostnader		537.073	507.720	517.000
Tilskot studiearbeid/prosjekt&utviklingsarbeid	3	8.358.195	8.024.323	7.803.012
SUM DRIFTSKOSTNADER		11.586.603	11.547.014	11.018.412
DRIFTSRESULTAT		-655.883	-515.205	-370.301
FINANSKOSTNADER/ FINANSINNEKTER				
Bankomkostningar		-2.990	-3.393	-3.500
Andre ekstraordinære kostnader		0	-617	
Renteinntekter		156.679	276.241	200.000
Andre ekstraordinære inntekter				
SUM FINANSKOSTNADER/ FINANSINNEKTER		153.689	272.231	196.500
RESULTAT ETTER FINANSPOSTAR		-502.294	-242.974	-173.801
ÅRETS RESULTAT		-502.294	-242.974	-173.801
Overføringer				
Mot anna eigenkapital		-502.294	-242.974	
Mot eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar				
Sum disponeringar		-502.294	-242.974	

Noter

Noter 2009 Folkekulturforbundet

Note 1

Tilskot til pedagogisk utviklingsarbeid, VOX

"Pedagogikk på dansegolvet" kr. 130.000, kr 100.000 overført til 2010 for å slutføre prosjektet

"Handverskopplæring som lægterkselstilbud" kr 100.000, kr 85.000 overført til 2010 for å slutføre prosjektet

Note 2

I posten inngår ;

Vidareutdanningskurset "Norsk Folkelig dans"	141.371
Bunadopplæringa	242.930
Vevopplæringa	81.500
Momskompensasjon	86.893
Tilskot Justisdepartementet, fengselskurs	200.000
Diverse	119.915
sum	872.609

Note 3

Tilskot studieaktivitet	6.816.497
Kompetanseheving medlemsorganisasjonane	805.000
Delstudiet "Norsk Folkelig dans"	192.938
Bunadopplæringa	229.404
Vevopplæringa	88.672
Fengselskurs	33.063
Stipend kurslærarar	108.075
Pedagogiske utviklingsprosjekt	84.546
Sum	8.358.195

Note 4

I posten inngår bunde bankinnskott på kr. 112.301

Note 5

Avsett til utviklingstiltak , eigenkapital	320.865
Tilskot medarbeidaropplæring	-62.500
Foreldrerøring	-5.000
Ungdomstiltak	-10.000
Stipend kurslærarar	-63.246
Kurstilskot	-95.119
Rest	85.000

Note 6

Kr 3 219 092 er tilskot til opplæring som ikkje er utbetalt per 31.12.08

NILSONS REVISJONSKONTOR A/S

Storgt. 69 Postboks 117
Baneforbindelse: 2882 Dokka
Norden, Dokka Telefon 61 11 25 70
6179 05.12943 Telefax 61 11 19 74
Revisjonsnr. 968 913 081 post@nilsonsrevisjon.no

Medlem i Den norske revisorforening
Autorisert regnskapsførerselskap

Til årsmøtet i
Folkekulturforbundet

REVISJONSBERETNING FOR 2009

Vi har revidert årsregnskapet for Folkekulturforbundet for regnskapsåret 2009, som viser et underskudd på kr 502 294. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2009 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Dokka, 16. april 2010
Nilsons Revisjonskontor AS

Bård Axel Nilson
Statsautorisert Revisor

Medlemmar i FOLK

Pr.april 2010

Medlemmar

DIS-Norge

Forbundet KYSTEN

HATS (Hålogaland Amatørteaterselskap)

Kringkastingsringen

Landslaget for lokalhistorie

Noregs Mållag

Noregs Ungdomslag

Norges Husflidslag

Norsk Amatørteaterforbund

Norsk Kulturarv

Norsk Målungdom

Norsk Quilteforbund

Vestlandske Teatersenter

Organisasjonar med samarbeidsavtale

Båtlaget Braute

Fantasiforbundet

Fortidsminneforeningen

Landslaget for lokalhistorie i skolen

LUFS - Landslaget for nærmiljøskolen

Norges museumsforbund

Norsk Forening for Fartøyvern

Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting

Norsk Selskap For Fotografi

Organisasjon for Scenekjempere i Norge

Rosegården Teaterhus

Samenes Folkeforbund

Seniordans Norge

Vestnorsk kulturakademi

VISJON:

Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære folkelege kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap

VERKSEMDSIDÉ:

Folkekulturforbundet skal organisere og leggje tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane, innafor ramma av Lov om vaksenopplæring.

GRUNNLEGGANDE PRINSIPP:

Folkekulturforbundet set det skapande mennesket i sentrum ved å leggje til rette for :

- ❖ Personleg utvikling og læring på egne premiss*
- ❖ Oppleving av levande kulturtradisjonar*
- ❖ Medvit om mennesket som del av ein økologisk heilskap*
- ❖ Erfaring med demokratisk organisasjonspraksis*

F O L K
folkekulturforbundet